

Gerd og Knut Johan Kartveit
Slettevegen 401
5936 Manger

Radøy kommune
v/Kjersti Flatråker
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Merknader til Snekkevika - reguleringsendring

2. gongs høyring og offentlig ettersyn

Arkivsaksnr. 14/524 Dokumentnr. 14/5797

Då vi er eigarar av båtfeste på nausttomt gnr. 64, bnr. 28 i samband med skjøte på vår hustomt gnr. 59, bnr. 10 i Radøy kommune vil vi koma med fylgjande merknader:

1. Eigar av gnr. 64, bnr. 28 Helge Kolås har bedt om at det vert opna for flytebrygge med landfeste også på hans eigedom. Føresegnene må presisere tilstrekkeleg avstand og orientering på flytebrygger innan SH2, i forhold til nabointeresser.

Iflg . vårt skjøte går det fram at vi har same rett til båtfeste som eigaren av tomta. Retten til dette båtfestet er også tinglyst på denne tomta.

I tillegg har Solfrid Kartveit tinglyst rett til båtfeste på denne nausttomten i skjøte på gnr. 59, bnr. 11 i Radøy.

Desse tre båtfesterettane er ennå ikkje plassert på denne tomta p.g.a. uenigheter mellom partane.

Vi ber difor om at dette vert teke omsyn til ved evt. regulering av flytebrygge på denne tomten og at alle 3 partane får sine rettar plassert på denne nausttomten.

2. Føresegnene sikrar at det ikkje kan etablerast fleire enn 13 båtplassar i småbåthamna.

Kven skal få tildelt desse plassene når det allerede er 14 plasser ?

Det er vel berekna at det nye hyttefeltet skal ha 10 båtplasser (1 til kvar hytte)
Gnr. 64, bnr. 28 har dermed 3 båtplasser og gnr. 64, bnr. 79 har 1 båtplass.

Viser også til merknader dagsett 22. oktober 2013 i samband med 1. gongs offentlig utlysing av denne planen.

Håpar på positivt svar.

Manger, 15. september 2014


Gerd Kartveit


Knut Johan Kartveit